

ABO Plan & Arkitektur AS
Postboks 291
5203 Os

Merknader til planprogram for oljerørledning frå Johan Sverdrup frå Bergsvikhamna gjennom Austrheim til Mongstad

Naturvernforbundet vil be om at ein i planprogrammet tek særleg omsyn til landskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø og friluftsliv.

Landskapet i Austrheim er flatt og ope, og inngrep blir lett synlege. Det gjeld særleg ved innslag i strandsona og høgdedrag på tvers av dei geologiske strukturane, som i Austrheim går nordvest, medan mykje av oljerørtraséen går nordaust.

Naturvernforbundet vil ikkje akseptera store synlege inngrep i strandsona ved landfall i Bergsvikhamna. Eit større inngrep her med store installasjonar vil verta svært synleg frå Hoplandsosen og øydeleggja ei naturperle i ei av dei lunaste vikane i den vindeksponerte osen. Frå før er det svært få inngrep i strandsona i Hoplandsosen, som har eit urørt preg og er mykje nytta til friluftsliv med båtutfart, fiske og turaktivitetar på steinalderstiane frå Fosnstraumen og utover.

Naturvernforbundet vil difor krevja at landfallet i Bergsvikhamna skjer gjennom tunnel utan inngrep i strandsona og utan store installasjonar på land. Det undersjøiske tunnelinnslaget må koma på større djupne på utsida av terskelen til Bergsvikhamna slik at ein ikkje gjer skade på botnvegetasjon, fisk og anna biologisk mangfald i den nokså grunne vika. M.a. er det jamnleg observert oter og havørn i og rundt Bergsvikhamna, og her er gode garn-, ruse- og teineplassar.

Når det gjeld anleggsveggar og riggområde er det positivt at planprogrammet legg opp til tilbakeføring av landskapet. Det er likevel kome innspel om vidareføring av nokre av anleggsvegane til turbruk. Naturvernforbundet er ikkje negativ til det så lenge det ikkje går ut over landskap, biologisk mangfald og landbruk. Det er mangel på gode turveggar i utmark i Austrheim. At nokre av anleggsvegane blir neddimensjonerte til slik bruk trur vi vil føra til større naturoppleving og naturglede.

Tunnelføring av oljerøret vil medføra mykje utsprenging av stein og store massedeponi. Naturvernforbundet føreset at deponia vert regulerte etter plan- og bygningslova med reguleringsplan og konsekvensvurderingar for landskap og biologisk mangfald.

I Austrheim er det sterkt omstridde planar om steinuttak i natur- og friluftsområda i Øksnes- og Åråsmarka. Naturvernforbundet og fleire politisk parti kjempar for å stoppa desse planane. Steinmassar frå Johan Sverdrup-traseen plassert i deponi til seinare bruk i anleggsarbeid i Austrheim, kan spara Øksnes- og Åråsmarka for øydeleggjande inngrep samstundes som lokale entreprenørar vert sikra nok stein. Føresetnaden er at deponia ikkje kjem i konflikt med viktige naturverdiar.

Med helsing
Jan Nordø
Leiar